

017

Det kgl. Utanriksdepartement
Postboks 8114
Oslo7Dep

OSLO 1

J.nr.1187/79-004.148/
KBJ/RW 121

2.4.1979

KASSASJON AV STÅLSTEMPEL OG GUMMISTEMPEL FRÅ UTANRIKS-
STASJONANE

Riksarkivet tok i 1954 over ei stor samling signet, stål-
stempel og gummistempel frå Utanriksdepartementet. Sakene
har stått urørt og bortstua fram til flyttinga av Riks-
arkivet ved siste årsskiftet. I samband med ompakking er
det no aktuelt å vurdere om ein skal ta vare på alt for
framtida.

Etter vanleg praksis vil ein ikkje kassere signet. Men
materialet i stempla blir sprøtt med tida, og ein del av
dei syner alt teikn på forvitring. Riksarkivaren vil derfor
gjera framlegg om at ein tek avtrykk av stempla, og at stem-
pla deretter blir kasserte på forsvarleg måte.

Riksarkivaren ber om fråsegn frå Departementet i saka, jfr.
Instruks om arkivbegrensning og kassasjon i statsforvalt-
ningens arkiver (kgl.res. 4.11.1961),pkt. V 3.

D. In.

Dagfinn Mannsåker

L. H.
Lars Hamre